

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 06.05.2021.

Møtetype: Styremøte, på teams grunna koronaplagen denne gangen.

Innkalt av: Leiar Bente Aase Duckett.

Deltakarar: Bente Aase Duckett, Ketil Simonsen, Tor Magne Gramstad, Elisabeth Førland, Siv Sonja Tysvær, Anne Brit Dyrnes, og Hans Hodne.

Sak ein; referat frå forrige møte. Godkjent, med kommentarar/Rettelsar: Datoar for blodsporkurs er 12 og 13 juni, og 10. mai er dato for hovustyrets avgjerd angående utstillinga. Ellers går ingenting som planlagt. Mykje er utsett, Anitas kurs i lydighet og aktivisering av hund, til dømes, er utsett to ganger nå...

Sak to; RS. -Tor Magne refererte kort det viktigste frå møtet. -Positiv til bra gjennomført nett-møte, som og var svært billig for klubben. -Økonomi; Positivt resultat i fjor. Mykje på grunn av korona situasjonen, med avlyste arrangement, så viser hovudstyrets rekneskap 105.000. i pluss for 2020, i motsvar til 2019, med 91.000. i minus. Bra. Men det er budsettert med 39.000. i minus for 2021, opprinneleg meir, men justert av representantskapet. Dette tykkjer me likevel er litt ugreit, då hovudstyret samla sett ikkje har meir eigenkapital enn til eit års drift. (Me saknar økonomisk rapportering frå avdelingane.) -Ikkje ein sak på møtet, men likevel lang diskusjon om endringar i jaktanleggsprøvar; dette er allereie vedteke, og prøvane skal delast i to, der det er ein forenkla prøve, og ein vanskeligare. I «Lett» prøve gjes det då ikkje poeng, men det vert ei subjektiv vurdering frå dommaren. Dokumenter er ferdige, og dette vert ein realitet frå sesongen 2022. Skilt jaktkomite fungerer bra framover. -Forslag frå Hovudstyret om at ein må vera spaniel eigar, eller ikkje mindre enn to år sidan ein eigde spaniel, for å inneha verv i klubben; Nedrøysta av representantskapet.

Sak tri; Aktivitetar. -Som nevnt går det ikkje etter planen, og mykje er foreløpig innstilt. Men me vonar betre tider etter kvart, og er klare til å starta opp. Kurs i nybyrjar jakt med Astrid, til dømes. Pr. nå kan hu berre ta enkeltelevar på grunn av korona. Me må rett og slett ha tålmod.....

Sak fire; Hovudutstilling på Orre. Sjølv om hovudstyret etter planen skal behandla spørsmålet den 10. mai, må me likevel komme med ei avgjerd nå. Etter kort diskusjon i styret avdeling Rogaland, går eit samla styre inn for å utsetje utstillinga til hausten. Koronasituasjonen, med restriksjonar på reising og samlingar gjer dette naudsynt nå. Me formidlar til hovudstyret umiddelbart, og vil ha dette offentleg som raskt som mogleg. Arbeidet med å finna datoar, lokalitet, og ikkje minst domarar til hausten er allereie i gang. Tri alternativ fra utstillingskomiteen; 30-31 oktober, saman med jaktprøvar i sokndal. (Neppe aktuelt, eigentleg.) 18-19 september, (Utstillingskomiteens 1.valg) Eventuelt trippel utstilling; vår utstilling same helga som NKKs utstilling. Det arbeides vidare med løysingar.

Eventuelt; Ingen saker.

Neste møte vonar me vert fysisk møte hjå Bente, torsdag 17. juni klokka 1900. Agenda: utstilling og familiedag.